



NVE

Grunngjeving for vedtak

Uttak av grunnvatn på Langeøddin til
Vaset vassverk

Vestre Slidre kommune i Innlandet fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshaver	Vestre Slidre kommune
Referanse	202520856-9
Dato	22.06.2026
Ansvarlig	Silje Aakre Solheim
Saksbehandler	Marianne Ask

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat**Innhald**

NVE sin konklusjon	1
Søknad	2
Høyring og distriktsbehandling	5
NVE si vurdering	7
NVE sin konklusjon	10
Forholdet til anna lovverk	11
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressursloven	11

Samandrag

I denne saka skal NVE behandle vassuttaket og sjøleidningar fram til Vaset vassverk i Murkelivegen 69.

Vestre Slidre kommune har behov for å auke vassuttaket til Vaset vassverk for å sikre forsyning av drikkevatt til brukarar i kommunen. Dei nyttar i dag tre grunnvassbrønner på Langeøddin og har eit maksimum uttak av grunnvatn på 8 l/s. Ved å ta i bruk tre nye brønner, vil kapasiteten auke til 20,8 l/s. Estimert gjennomsnittleg uttak er 4 l/s. Ein stor del av abonnentane er fritidsbustader, og auka vassuttak vil trygge leveringssikkerheita i høgsesongar som jul og påske.

Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet peiker på at det er viktig at tiltaket ikkje senker vasspegelen i Vasetvatnet og reduserer gyte- og oppvekstforhold for aure.

Fylkeskommunen opplyser også om stølsmiljøet som kulturarv, og at eventuelle nye bygg må følgje lokal byggeskikk. Mattilsynet er positive til nytt vassuttak og meiner dette vil betre leveringssikkerheita og beredskapen i kommunen, medan NGU ikkje har innvendingar, og minner om at brønnane skal meldast inn til dei.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Brønnane er bora like ved Røvshalåni og ligg tett på Vasetvatnet. Nedbørfeltet er estimert til ca. 14,7 km² og middelvassføringa er på 283,7 l/s. Alminneleg lågvassføring i elva er berekna til 10,3 l/s. Det er sannsynleg at brønnane, som ligg nærast Vasetvatnet, vil trekke vatn derifrå i tørre periodar når etterspørselen er stor. Vasetvatnet har eit areal på 1,04 km² og eit nedbørfelt på 82,9 km², og NVE vurderer at vassuttaket vil vere ubetydeleg med tanke på senke vasspegelen i vatnet. Vi meiner eit auka vassuttak vil gi trygg og sikker tilgang til drikkevatt av god kvalitet, utan å forringe allmenne interesser i Vasetområdet.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser,

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Vestre Slidre kommune løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn på inntil 20,8 l/s frå Langeøddin ved Vasetvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Vestre Slidre kommune, datert 13.10.2025:

«Søknad om konsesjon for uttak grunnvatn til Vaset vassverk.

Vestre Slidre kommune ønsker å etablere uttak av grunnvatn frå Langeøddin i Vestre Slidre kommune i innlandet fylke, og søker om følgjande løyve:

I Etter vassressursloven, jf. § 45, om løyve til:

- å ta ut gjennomsnittleg 100 m³/døgn, tilsvarende 4 l/s, grunnvatn, og maksimalt 1728 m³/døgn (20 l/s) grunnvann til Vaset vassverk.»

Hovuddata for uttak av grunnvatn

Vestre Slidre kommune har behov for å auke vassuttaket på Langeøddin frå 8 l/s til maksimum 20,8 l/s. Gjennomsnittleg uttak er estimert til å vere 4 l/s. Det er etablert åtte grunnvassbrønner i lausmassar og tre av desse skal fungere som vasskjelde, hhv. brønn 5, 6 og 8. To nye vassleidningar skal leggjast langs botn i Vasetvatnet og til Vaset vassverk ved Murkelivegen 69. Informasjon om tilsig er henta frå Nevina og generert i eit punkt i Røvshalåni like ved grunnvassbrønnane.

TILSIG		Lausmassebrønner Langeøddin
Nedbørfelt	km ²	14,7
Årsnedbør	mm	618,1
Spesifikk avrenning	l/(s · km ²)	19,3
Middelvassføring	l/s	283,7
Alminneleg lågvassføring	l/s	10,3
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	19,3
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	5,9
GRUNNVASSUTTAK		
Inntak	moh.	797
Gjennomsnittleg uttak	l/s	4
Antall brønner	stk.	3
Maksimalt samla uttak	l/s	20,8

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Brønnspesifikasjoner for «Vaset Vannverk»									
		B1	B2	B3	B4	B5	B6	B7	B8
Spesifikk kapasitet	l/s	4,94	5,27	5,58		4	5,55		5,55
Maks. uttak	l/s	4,94	5,27	5,58		4	5,55		5,55
Normalt uttak	l/s	2	2	2		2	2		2
Filterdybde	m	7,5-9,5	6,5	6,5		6-8	6,2-10,2	6-8	6,3-10,3
Grunnvannsspeil	m under overflaten	0,5	1	1		2	2	2	2

Figur 1 Brønnoversikt Langeøddin. Brønn 1, 2 og 3 er i drift i dag, mens brønn 5, 6 og 8 skal nyttast til å auke vassuttaket til Vaset vassverk.

Om søkjar

Vestre Slidre kommune er søkar, og kommunen har behov for å utvide vassforsyninga. Grunneigar er Statskog og nytta areal på Langeøddin er festa tomt. Brønnområdet ligg på gnr. 94, bnr. 1 og fnr. 655, og det er behov for utvida klausulering og inngjerding av brønnområdet. Det er inngått ein avtale mellom Vestre Slidre kommune og grunneigarar i vatnet kor grunneigarar gir kommunen rett til å leggje og ha liggjande vassleidning frå brønnområdet og bort til Vaset vassverk ved Murkelivegen 69. Vassbehandlingsanlegget ligg på areal regulert til kommunalteknisk formål og skal utvidast for å gje plass til eit nytt reinseanlegg.

Skildring av området og grunnvassreservoaret

Langeøddin er ein odde/nes oppbygd av elveavsetningar av sand og grus. Lausmassebrønnane ligg 797 moh. på vestsida av Vasetvatnet, og området er omkransa av landbruk, skog og lyng. Brønnane er bora på sørsida av Røvshalåni, og georadarundersøkingar viser at grunnvassreservoaret har ei mektigheit på om lag 8-10 m som aukar i djup mot Vasetvatnet. Brønn 6 og 8 ligg nære Vasetvatnet. Tiltakshavar viser til pumpetestar som tyder på god vassgivarevne og lav avsenking i brønn 6 og 8, medan brønn 5 ligg lengre i frå vatnet og har noko lågare kapasitet.

Teknisk plan


Brønnar og vassleidning

Brønn 5, 6 og 8 skal nyttast som vasskjelde. Vatnet blir infiltrert om lag 6-10 m under terreng i brønn 6 og 8, medan filterdjupna i brønn 5 ligg på 6-8 m under overflata. Vassuttaket blir hovudsakeleg frå brønn 6 og 8, og frå brønn 5 ved behov. Brønnhusa er utforma med opphøgd terreng og er sikra mot flaum, og alle brønnar er sikra med lokk og inngjerding. Det blir lagt to sjøleidningar frå brønnområdet og over til vassbehandlingsanlegget. Det er utarbeida grunneigaravtale med to rørte grunneigarar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 2 Flyfoto viser sjøleidningar i Vasetvatnet frå brønnområdet på Langeøddin til Vaset vassverk i søraust.

Overvaking

Grunnvassmagasinet skal overvakast gjennom etablerte peilebrønner og måling av vasspegel, temperatur og vasskvalitet. Det blir lagt opp til regelmessig logging av nivå og uttaksmengder, samt at vasskvaliteten blir kontrollert ein gong per måned i driftsfasen. Overvaking skal sikre grunnvassmagasinet si toleevne, og at vassuttaket ikkje medfører varig senking eller påverking av nærliggande økosystem. Ved endring i vasspegel eller vasskvalitet skal tiltak setjast i verk, og overvakinga skal rapporterast til relevante myndigheiter. Systemet skal integrerast i kommunen sin driftskontroll for kontinuerleg oppfølging.

Veg

Det vil ikkje vere behov for nye vegar.

Massetak og deponi

Brønnane er allereie etablert og det vil ikkje vere behov for massetak eller deponi.

Arealbruk

Grunnvassbrønnane er etablert 797 moh. i lausmassar på Langeøddin på vestsida av Vasetvatnet. Tiltaket rører areal eige av Statsskog og er ei festa tomt. Brønnområdet ligg på gnr. 94, bnr. 1 og fnr. 655. Det er behov for å utvide klausulering og inngjerde brønnområdet. Vassbehandlingsanlegget blir plassert på kommunalteknisk formål, men området skal utvidast i reguleringsplan.

Forholdet til offentlege planer

Kommuneplan

Tiltaket inngår i kommunen sin hovudplan for vatn og avlaup og er i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Området er regulert til kommunalteknisk formål, men skal utvidast for å romme nytt bygg.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Andre verneplanar

Tiltaksområdet ligg innanfor omsynssone 570_1 Stølsvidda, som er eit nasjonalt viktig kulturlandskap, og området er prega av tradisjonelle hytter, stølar og stølslandskap. Stølslandskapet er av Valdresmusea vurdert til å ha lågare verdi i området («Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres» frå 2019).

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 og 7 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider.

NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Innlandet fylkeskommune uttalar i brev av **01.03.2026** at dei forutset at utsleppet frå vassverket ikkje vil resultere i negativ påverknad på vassmiljøet og fisk/ferskvassorganismar i Vasetvatnet. Om det likevel skulle bli endringar i vasstanden i vatnet, meiner dei det er naudsynt å sikre auren si moglegheit til å vandre opp i sidebekker for å gyte og søkje etter næring. Vidare forutset dei at uttaket ikkje vil forringe grunnvassførekomsten. Det er viktig at det blir gjort jamlege undersøkingar av vasskvaliteten og at det blir fastsett gode beredskapsrutinar om ein forureiningshending skjer. Dei seier vidare at anlegget ligg innanfor eit aktsemdsområde for flaum, og det er viktig at nødvendig flaumsikring gjennomførast for å unngå skader på anlegget samt negativ påverknad på vassdraget. Fylkeskommunen opplyser om at sør for tiltaksområdet er det registrert store mengder kolgroper og jernframstillingsplassar. Dei har likevel ikkje oppdaga slike, eller andre automatisk freda kulturminne, på høgdedata i eller inntil tiltaksområdet, og meiner sjansane for at det finst freda kulturminne som vil bli ramma av tiltaket som låg. Dei gjer likevel merksam på at dersom det ved tiltak vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter. Til slutt opplyser fylkeskommunen om at tiltaksområdet ligg innanfor omsynssone 570_1 Stølsvidda, som er eit nasjonalt viktig kulturlandskap, og området er prega av tradisjonelle hytter, stølar og stølslandskap. Valdresmuséa uttalar i rapport frå 2019 «Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres», at stølsmiljøet rundt Røvsalin er vurdert til å ha låg verdi. Seksjonen for kulturarv vil difor ikkje motsetje seg tiltaket, men ber om at retningslinjene i kommuneplanen sin arealdel knytt til omsynssona blir teken høgde for i det vidare arbeidet. Ved oppføring av ny busetnad knytt til tiltaket ber dei om at denne held seg til lokal byggeskikk.

Statsforvaltaren i Innlandet uttala i brev **20.02.2016** at tiltaket vil medføre avgrensa arealinngrep, hovudsakeleg knytt til brønnområdet, vassleidningar og teknisk infrastruktur. Dei minner om at arbeid som rører vasstrengen krev løyve etter forskrift om fysiske tiltak langs vassdrag (dersom det ikkje er gjeve konsesjon etter vassressurslova, NVE sin merknad), og gjer tiltakshavar merksam på at dersom vasstanden i Vasetvatnet blir senka, bør NVE pålegge undersøking om endringane hindrar auren sin tilgang til gyte- og oppvekstområde rundt vatnet.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Statsforvaltaren minner også om at dersom anleggsarbeidet medfører forurensing i vassdraget, for eksempel gjennom tilslamming med finstoff eller utslepp av andre stoff som utløyer krav om løyve etter forureiningslova, må det søkast om slikt løyve. Dei har elles ingen markandar til det omsøkte vassuttaket.

NGU sende ein e-post **20.02.2026** med følgande merknader:

«...

- *Ingen faglige innsigelser mot søknaden.*
- *De omtalte brønnen i søknaden virker ikke korrekt plassert i den Nasjonale grunnvannsdatabasen.*
- *Vi kan ikke se at grunnvannsundersøkelsen som ligger til grunn for søknaden (vedlegg 6 Georadarundersøking) er rapportert inn til NGU jf. VRL § 46.*

Vi ber om at NVE ved innvilgning av søknaden stiller krav om at brønnene og grunnvannsundersøkelsen registreres til NGU jf. VRL § 46 annen og fjerde ledd og tilhørende forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring og grunnvannsundersøkelser.»

Mattilsynet uttalar i brev av **29.01.2026** at dei støtter Vestre Slidre kommune i deira planer om å betre leveringssikkerheita ved å etablere fleire borebrønnar. Dei meiner tiltaket vil bidra til at kommunen betre oppfyller krava i forskrifta om vassforsyning og drikkevatn, og at dei vil vere betre rusta til å møte framtidige utfordringar. Mattilsynet har elles ingen merknader og er positive til at planane blir gjennomført.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si vurdering


NVE skal behandle vassuttaket og leidningar fram til Vaset vassbehandlingsanlegg.

Vestre Slidre kommune treng å auke uttak av vatn til drikkevassforsyning. Det er bora brønner på Langeøddin like ved Vasetvatnet. Dei tek i dag ut maksimum 8 l/s frå brønn 1, 2 og 3, medan brønn 5, 6 og 8 skal nyttast til nytt vassuttak. Gjennomsnittleg uttak er estimert til 4 l/s, medan samla vassuttak skal ikkje overstige 20,8 l/s. To leidningar skal føre vatnet til nytt reinseanlegg ved Murkelivegen 69.

Hydrologiske verknader av tiltaket

Grunnvassbrønnane nyttar eit nedbørfelt på 14,7 km². Dette er estimert i Nevina ut i frå nedbørfeltet til Røvshalåni like ved brønnane. Middelvassføringa i elva er berekna til 283,7 l/s, medan alminneleg lågvassføring er 10,3 l/s. Brønn 6 og 8 ligg nære Vasetvatnet og vi antar at brønnane vil trekke vatn frå vatnet i tørre periodar. Vasetvatnet har eit areal på 1,04 km² og eit nedbørfelt på 82,9 km² og vil ikkje påverkast nemneverdig av vassuttaket.

NVE meiner at omsøkte vassuttak er innanfor grunnvassmagasinet si tolegrense og at det ikkje vil medføre skade eller ulemper for allmenne interesser.



Figur 3 Oversikt over brønner og undersøkingsbrønner. Brønn 5, 6 og 8 er brønnane som skal nyttast til å auke drikkevassforsyning. Brønn 1, 2 og 3 er i drift i dag. Brønn 7 har for høgt innhald av organisk materiale.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Naturmangfald

Naturtypar og artar

Søk i Naturbase og Artskart 01.06.2026 viser boreal hei av stor verdi på nordvestsida av Røvshalåni. Grunnvassbrønnane vil ikkje kome i konflikt med naturtypen. Det er registrert fleire raudlista fuglar i området, til døme kritisk truga hettemåke (CR), sterkt truga storspove (EN) og myrhauk (EN), og sårbare fugleartar som gulspurv (VU), granmeis (VU) og grønnfink (VU). NVE vurderer at dei raudlista fugleartane og den boreale heia ikkje vert påverka av tiltaket.

Det er aure i Vasetvatnet, og det er sannsynleg at Røvshalåni er gyte- og oppvekstområde for auren. Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune peiker på at dersom vasspegelen i Vasetvatnet blir senka grunna vassuttaket, må det undersøkast, og eventuelt leggst til rette for, at auren framleis kan nytte elvene rundt vatnet som gyte- og oppvekstområde.

NVE meiner vassuttaket er ubetydeleg i forhold til å kunne påverke vasstanden i Vasetvatnet.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om vassuttak på Langeøddin ved Vasetvatnet legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 01.06.2026. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til grunnvassbrønnane finst det aure og raudista fugleartar som hettemåke (CR), storspove (EN), myrhauk (EN), gulspurv (VU), granmeis (VU) og grønnfink (VU). Grunnvassuttaket på Langeøddin vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå uttak av grunnvatn i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Dagens vassuttak er det einaste tiltaket som er registrert og påverkar vassdraget rundt Vasetvatnet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Landskap og friluftsliv

Vasetområdet er eit populært friluftsområde med fiske, jakt, turstiar og hytter. Vasetvatnet er et vatn med aktiv fiskeforvaltning. Det er kjent for godt fiske og blir nytta til friluftsliv. Spylevatn frå filteranlegget er planlagt tilbakeført til Vasetvatnet, og det skal sikrast at dette ikkje medfører negativ påverking på vasskvalitet eller fiskebestand ved ozonfiltrering. Utslepp blir vurdert i samråd med Mattilsynet. Tiltaket rører ikkje stiar eller allmenn ferdsel direkte.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Reindrift

Det er ikkje registrert aktiv reindrift i tiltaksområdet ved Langeøddin. Området ligg utanfor kjente trekkleier og kalvingsområder.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i sjølve brønnområdet, men området ligg i nærleiken av eldre stølsmiljø og kulturstiar. Ifølge Kulturminnesøk er det fleire registrerte kulturminne i Vestre Slidre kommune, og det blir etablert kontakt med Innlandet fylkeskommune for avklaring før tiltaket blir iverksett.

Innlandet fylkeskommune uttalar at stølsmiljøet rundt Røvsalin er vurdert til å ha *låg* verdi, og at seksjonen for kulturarv difor ikkje vil motsetje seg tiltaket.

Naturfare

Brønnområdet ligg delvis innanfor sona for 200-års flaum. Brønnhusa er utforma med opphøgde terreng og er sikra mot innstrøyming av overflatevatn og flom. Lausmassane er stabile og det er ikkje fare for skred, leirskred eller setningsskader grunna vassuttaket.

Vasskvalitet

Grunnvassmagasinet har tilfredsstillande vasskvalitet. Vassuttaket blir fordelt mellom fleire produksjonsbrønnar ved Langeøddin for å oppnå vekselvis pumping. Dette skal sikre jamn belastning og god vasskvalitet. Grunnvassmagasinet skal overvakast gjennom etablerte peilebrønnar og måling av vasstand, temperatur og vasskvalitet. Det blir lagt opp til prøvetaking av vasskvalitet ein gong per måned i driftsfasen.

Vassforskrifta

Røvshalåni tilhøyrer vassførekomst 012-1582-R *Svartebekk* og er del av Drammensvassdraget. I Vann-Nett er elva oppført som kalkfattig og klar med *god* økologisk tilstand. Det er liten påverknad frå avrenning av husdyrhald og utslepp av avlaup frå hytter. Grunnvassmagasinet 012-77-G *Pålset* ligg like nordvest for Langeøddin, og grunnvassbrønnane strekker seg inn i Vaset vassverk sin hensynssone. Førekomsten er oppført med god kvantitativ og kjemisk tilstand.

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 45 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere stor, og vi kan ikkje sjå at planane vil endre miljøtilstanden eller hindre at miljømåla i vassførekomstane nås. Vassforskrifta § 12 kjem difor ikkje til bru i denne saka.

Samfunnsmessige fordelar

Tiltaket vil ha stor positiv samfunnsmessig betydning for Vestre Slidre kommune og tilgrensande områder. Auka vassuttak er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg og stabil vassforsyning, hovudsakeleg til fritidsbustader, men også næringsverksemd, leirskule og fastbuande. Eit auka vassuttak med tilhøyrande reinseanlegg vil blant anna betre leveringssikkerheita i høgsesongar som jul og påske, forbetre vasskvaliteten, samt styrke beredskapen i kommunen. Tiltaket er i tråd med kommunen sin hovudplan for vatn og avlaup, og støttar opp under berekraftige utviklingsmål. Planane er



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

vurdert som eit viktig grep for å møte framtidige behov og sikre trygg vassforsyning til innbyggjarar og besøkande.

Oppsummering

Vestre Slidre kommune har behov for å auke vassuttaket til Vaset vassverk for å sikre reint og trygt drikkevatn til brukarar i kommunen. Dei nyttar i dag tre grunnvassbrønnar på Langeøddin og har eit maksimum uttak av vatn på 8 l/s. Ved å ta i bruk tre nye brønnar, vil kapasiteten auke til 20,8 l/s. Estimert gjennomsnittleg uttak er 4 l/s. Ein stor del av abonnentane er eigarar av fritidsbustader, og auka vassuttak vil trygge leveringssikkerheita i høgsesongar som jul og påske.

Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet peiker på at det er viktig at tiltaket ikkje senker vasspegelen i Vasetvatnet og reduserer gyte- og oppvekstforhold for aure.

Fylkeskommunen opplyser også om stølsmiljøet som kulturarv, og at eventuelle nye bygg må følge lokal byggeskikk. Mattilsynet er positive til nytt vassuttak og meiner dette vil betre leveringssikkerheita og beredskapen i kommunen, mens NGU ikkje har innvendingar, og minner om at brønnane skal meldast inn til dei.

Brønnane er bora like ved Røvshalåni og ligg tett på Vasetvatnet. Nedbørfelt er estimert til ca. 14,7 km² og middelvassføringa er på 283,7 l/s. Alminneleg lågvassføring i elva er berekna til 10,3 l/s. Det er sannsynleg at brønnane som ligg nærast Vasetvatnet vil trekke vatn derifrå i tørre periodar når etterspørselen er stor. Vasetvatnet har eit areal på 1,04 km² og eit nedbørfelt på 82,9 km², og NVE vurderer at vassuttaket vil vere ubetydeleg med tanke på senke vasspegelen på vatnet. Vi meiner eit auka vassuttak vil gi trygg og sikker tilgang til drikkevatn av god kvalitet, utan å forringe allmenne interesser i Vasetområdet.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Vestre Slidre kommune løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn på inntil 20,8 l/s frå Langeøddin ved Vasetvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter forureiningslova.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressursloven

Post 1: Uttak av grunnvatn

Konsesjonen gir løyve til eit uttak av grunnvatn på inntil **20,8 l/s**.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.m.

Konsesjonen omfattar uttak av grunnvatn og sjøleidningar fram til Vaset vassverk. Måleanordning for vassuttak, vassføring i Røvhalsåni samt overvaking av grunnvassnivå skal leggjast fram og godkjennast av NVE sitt miljøtilsyn før arbeidet startar.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 7 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å summere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnadar:

UTTAK AV GRUNNVATN VED RØVHALSÅNI på LANGEØDDIN VED VASETVATNET	
Brønnar	Seks brønnar er etablert ca. 797 moh. ved Røvhalsåni ved Langeøddin ved Vasetvatnet. Teknisk løysning for dokumentasjon av vassuttak, vassføring i Røvhalsåni samt overvaking av grunnvassnivå skal godkjennast av NVE.
Største vassuttak	20,8 l/s
Gjennomsnittleg vassuttak	4 l/s
Logging og overvaking	Logging av vassforbruk skal gjennomførast kontinuerleg når brønnane er i bruk. Plan for gjennomføring av målingane skal gå fram av detaljplan og godkjennast av NVE. Resultat

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

	frå målingar skal lagrast digitalt slik at dei er lett tilgjengelege på førespurnad frå NVE. Det skal utarbeidast ein plan for overvaking av grunnvassmagasinet i samband med uttaket. Planen skal innehalde forslag til korleis magasinet skal overvakast, omfatte ei risikovurdering og ein beredskapsplan med tiltak som skal settast i verk dersom grunnvassnivået går under eit definert nivå/har ei negativ utvikling over ei viss tid, eller ved andre hendingar som ikkje er i tråd med gjeldande konsesjon. Planen skal gi føringar for kor tid (på kva nivå) det blir sett i verk tiltak og den skal beskrive korleis ein reduksjon eller stopp av uttak skal gjennomførast. Planen skal sendast til NVE og godkjennast gjennom detaljplanlegginga.
Sikring mot naturfare	Brønnane må sikrast tilstrekkeleg mot naturfare, herunder flaum og skred, i tråd med krava i TEK-17.
Vassveg	Søknaden beskriv at to vassleidningar skal leggst som sjøleidning på botn av Vasetvatnet frå brønnområdet og bort til Vaset vassverk ved Murkelivegen 69.
Veg	Adkomstvegen til brønnområdet er tilsvarande ein traktorveg ned til pumpehus og skapar ikkje barrierar for dyr- og friluftsliv. Det er ikkje beskrive i søknaden at det er behov for nye vegar.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 7: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. post 3 i vilkåra).